

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 17.08.2018  
Vår ref.: 2017/6453-14  
Saksbehandlar: monsera  
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

## Varsel til grunneigar om arkeologisk registrering - bygging av Valdra kraftverk - Etne kommune

I samband med bygging av Valdra kraftverk i Etne kommune er det naudsynt å gjennomføre ei arkeologisk registrering i tiltaksområdet, jf. § 11 i kulturminnelova. Arbeidet vil verte utført av Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune som regionalt kulturminnemynde.

Målet med registreringa er å få kartlagt om det er automatisk freda kulturminne som til no ikkje er kjende i det aktuelle området. Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune vil gjennomføre arkeologiske undersøkingar i veke 34. Registreringa vert utført ved søk etter synlege kulturminne og prøvestikking med spade. Prøvestikka er om lag 40 x 40 cm store og vert lagt igjen når arbeidet er utført. Ein vil ikkje undersøke nær bygningar eller stader med moderne terrengingrep.

Ved spørsmål eller merknader til ovanfor nemnde er ein velkommen til å ta kontakt med Hordaland fylkeskommune, Fylkeskonservatoren v/ sakshandsamar Tore Slinning, tlf. 48 99 49 10, [Tore.Slinning@hfk.no](mailto:Tore.Slinning@hfk.no) eller fagkoordinator for arkeologisk feltarbeid Monika Serafinska, tlf. 48 99 12 97, [Monika.Serafinska@hfk.no](mailto:Monika.Serafinska@hfk.no).

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*